



Møteprotokoll

Vestnes kontrollutval

Dato:	19.10.2020 kl. 13:00-16:45
Stad:	Vestnes rådhus, Formannskapssalen
Arkivsak:	20/00010
Møtande medlemmer:	Paul Hjelvik (Pp), Torfinn Marken (Sp), Marianne Frøland (H), Margrethe Bolli Anundsen (V)
Møtende varamedlemmer:	Geir Stokkeland (Felleslista V/Pp/Ap/Sv) for Inge Einar Bergum (Ap)
Frå revisjonen	Anne Oterhals, oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor (sak 33/20 på Teams)
Frå administrasjonen møtte:	Hilde Rekdal, saksbehandlar (sak 34/20) Magne Værholm, økonomisjef (sak 35/20) Frank Skorgenes, brannsjef og beredskapsansvarleg (sak 36/20) Hilde Rekdal, personalrådgjevar (sak 36/20) Emil Balstad, einingsleiar teknisk (sak 36/20)
Protokollfører:	Jane Anita Aspen

Merknader:

Nestleiar i utvalet leia møtet.

SAKSKART			Side
Referatsaker			
Saker til behandling			
32/20	20/00009-1	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 31.08.2020	4
33/20	20/00003-4	FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2019	4
34/20	20/00012-2	HUSBANKEN SI STARTLÅN OG TILSKOTSORDNING	5

35/20	20/00019-1	DRIFTSRAPPORT 1. HALVÅR 2020	6
36/20	20/00021-1	OPPFØLGINGSLISTE TIL MØTE 19.10.2020	7
Eventuelt 			

Vestnes, 19.10.2020

Godkjenning av innkalling

Sakliste og innkalling vart godkjent.

Referatsaker

Saknr	Arkivsak	Tittel
18/20	20/00024-1	Melding om vedtak - Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023
19/20	20/00025-1	Melding om vedtak - Plan for eigarskapskontroll 2020-2023
20/20	20/00023-1	Melding om vedtak - Forslag til budsjett 2021 - Kontrollarbeidet i Vestnes kommune.
21/20	20/00026-1	Signert uavhengighet Vestnes.

Saker til behandling

32/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 31.08.2020

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Vestnes kontrollutval	19.10.2020	32/20

Møtebehandling i Vestnes kontrollutval 19.10.2020:

Møtebehandling

Det vart framsett forslag om at Torfinn Marken og Margrethe Anundsen vert valt til å underskrive protokollen frå møte 31. august 2020.

Det vart også framsett forslag om å velje Paul Hjelvik og Geir Stokkeland til å signere protokollen frå dagens møte.

Votering

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Vestnes kontrollutval sitt vedtak

Protokollen frå møte 31. august 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Torfinn Marken
2. Margrethe Anundsen

Til å signere protokollen fra 19.10.2020 vert valt:

1. Paul Hjelvik
2. Geir Stokkeland

[Lagre innstilling] [Lagre endelig vedtak]

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte 31. august 2020 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

33/20 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL REKNESKAPSÅRET 2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Vestnes kontrollutval	19.10.2020	33/20

Møtebehandling i Vestnes kontrollutval 19.10.2020:

Møtebehandling

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Anne Oterhals presenterte funn frå etterlevingskontroll rekneskapsåret 2019 og risiko- og vesentlegvurdering før forenkla etterlevingskontroll rekneskapsåret 2020. Oterhals deltok via teams.

Votering

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Vestnes kontrollutval si innstilling

Revisor har funne at Vestnes kommune ikkje har vedteke satsar for tilskot for 2019 innan fristen som var 31.10.2018.

Kommunestyret vil rå administrasjonssjef til å følgje revisor si tilrådingar:

- Nytte tilskotsmodell utarbeidd av KS og PBL (Private Barnehagers Landsforbund),
- Etablere gode rutinar som sikrar at vedtak vert gjort innan fristen.
- Sikre god ettersporbarheit for vedtak av denne typen som vert gjort administrativt.

[Lagre innstilling] [Lagre endelig vedtak]

Sekretariatet si innstilling:

Revisor har funne at Vestnes kommune ikkje har vedteke satsar for tilskot for 2019 innan fristen som var 31.10.2018.

Kommunestyret vil rå administrasjonssjef til å følgje revisor si tilrådingar:

- Nytte tilskotsmodell utarbeidd av KS og PBL (Private Barnehagers Landsforbund),
- Etablere gode rutinar som sikrar at vedtak vert gjort innan fristen.
- Sikre god ettersporbarheit for vedtak av denne typen som vert gjort administrativt.

34/20 HUSBANKEN SI STARTLÅN OG TILSKOTSORDNING

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Vestnes kontrollutval	19.10.2020	34/20

Møtebehandling i Vestnes kontrollutval 19.10.2020:

Møtebehandling

Hilde Rekdal, sakshandsamar for husbanksaker i Vestnes kommune, var tilstades i møte under behandling av saka. Rekdal svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene.

Det vart i møte framsett følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjon knytt til husbanken si startlån og tilskotsordning til orientering.

Det vert føresett at kommunen følg sentrale retningsliner for tildeling av startlån og at det raskt vert etablert kommunale retningsliner for tildeling av tilskott til etablering og tilpassing.

Kontrollutvalet oppmodar til at kommunen si heimeside vert endra slik at det kjem fram at

- *startlån også gjeld for unge i etableringsfasen*
- *ein kan prioritere søkjarar med kompetanse som trengst i kommunen.*

Votering

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag (5 voterande).

Vestnes kontrollutval sitt vedtak

Kontrollutvalet tar informasjon knytt til Husbanken si startlån og tilskotsordning til orientering.

Det vert føresett at kommunen følg sentrale retningsliner for tildeling av startlån og at det raskt vert etablert kommunale retningsliner for tildeling av tilskott til etablering og tilpassing.

Kontrollutvalet oppmodar til at kommunen si heimeside vert endra slik at det kjem fram at

- startlån også gjeld for unge i etableringsfasen
- ein kan prioritere søkjarar med kompetanse som trengst i kommunen.

[Lagre innstilling] [Lagre endelig vedtak]

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar informasjon knytt til Husbanken si startlån og tilskotsordning til orientering.

Det vert føresett at kommunen følg sentrale retningsliner for tildeling av startlån og at det raskt vert etablert kommunale retningsliner for tildeling av tilskott til etablering og tilpassing.

35/20 DRIFTSRAPPORT 1. HALVÅR 2020

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Vestnes kontrollutval	19.10.2020	35/20

Møtebehandling i Vestnes kontrollutval 19.10.2020:

Møtebehandling

Økonomisjef Magne Værholm gjekk gjennom lysark med nøkkeltal frå driftsrapport 1. halvår 2020 og svarte på spørsmål frå utvalet.

Votering

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Vestnes kontrollutval sitt vedtak

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonssjefen om ved rapportering også gje ei årsprognose for investeringsbudsjettet.

Kontrollutvalet oppmodar til at det ved kvartalsrapporteringane vert nytta obligatoriske rekneskjema, der det også vert lagt inn ei kolonne for prognose.

[Lagre innstilling] [Lagre endelig vedtak]

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet oppmodar administrasjonssjefen om ved rapportering også gje ei årsprognose for investeringsbudsjettet.

Kontrollutvalet oppmodar til at det ved kvartalsrapporteringane vert nytta obligatoriske rekneskjema, der det også vert lagt inn ei kolonne for prognose.

36/20 OPPFØLGINGSLISTE TIL MØTE 19.10.2020

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Vestnes kontrollutval	19.10.2020	36/20

Møtebehandling i Vestnes kontrollutval 19.10.2020:

Møtebehandling

Det vart i møte gjeve følgjande orienteringar knytt til oppfølgingslista:

Nytt personvernregelverk

Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om ei orientering om korleis kommunen har innretta seg etter personvernopplysningsreglane.

Frank Skorgenes, brannsjef og beredskapsansvarleg i Vestnes kommune orienterte utvalet, supplert av personalrådgjevar Hilde Rekdal.

Det vart orientert knytt til følgjande stikkord.

- Personvernforordningen 2018
- Rolledeling 2019/2020
- Halvårsrapport og statusgjennomgang
- Faggruppe informasjonssikkerhet/prosjektgruppe ROR-IKT
- Revisjon frå Personvernombudet
- Rutiner, roller og ansvarsfordeling
- Styrende dokument.

Skorgenes presenterte også personvernappen Sureway, som kommunen nyttar i arbeidet.

Lysark frå presentasjonen vert sendt utvalet saman med møteprotokoll.

Vassforsyning og avløp i Vestnes kommune

Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om ei orientering om korleis kommunen sikrar vassforsyninga i kommunen. Emil Balstad, einingsleiar teknisk, orienterte utvalet.

Vestnes kommune har berre private vassverk, ingen kommunale. Vassverka i kommunen er:

- Vestnes vassverk
- Tresfjord vassverk
- Tomrefjord vassverk
- Fiksdal vassverk
- Rekdal vassverk

Frå 1.1.2021

- Vågstranda vassverk

Det er mattilsynet som har tilsynsmynde knytt til vassverka. Vassverka rapporterer direkte til mattilsynet, og det er mattilsynet som godkjenner vassverka sine planar. Mattilsynet har tilsyn både knytt til leveranse og til vasskvalitet.

Det er vassverkeigarane som er pålagte å følgje opp krava som ligg i drikkevassforskrifta knytt til internkontroll i det einkilde vassverk.

Så lenge kommunen ikkje sjølv eig vassverk, så er kommunen sitt ansvar på eit overordna nivå

- Kommunen skal ta drikkevassomsyn i planarbeidet. Dette er eit viktig tema i arealplanarbeidet som no pågår. Dette gjeld til dømes;
 - Omsynssoner knytt til drikkevasskjelder, inkl. restriksjonar
 - I all tilrettelegging for budstadbygging eller næringsareal, skal vassforsyning vere eit tema
- Kommunen kjem med uttale når Mattilsynet handsamar vassverka sine planar.
- Beredskapsarbeid

Vassverka har prøvetakingsplanar. Kommunen får rapport frå mattilsynet om innsendte rapportar. Rapportane viser at det ikkje har vore bakterieforureining ved vassverka dei siste åra. Balstad informerer vidare at vassverka til saman har 8 høgdebasseng. Det er ingen høgdebasseng i fjell, men eit eldre betongbasseng.

Tomrefjord vassverk har i periodar hatt vanskar med kapasitet, og manglar reservevasskjelde. Fiksdal vassverk har ein krevjande og kostbar reinseprosess, då dei først må fjerne humus frå vatnet, før dei kan reinse vatnet.

Dei private vassverka har ikkje noko system for enkelt å varsle innbyggjarane i vassverket sitt området. Kommunen har eit slikt system som kan nyttast til SMS-varsling, og kan bistå vassverka ved behov.

Leidningsnett er i hovudsak frå 1970 og nyare. Ein mindre del er frå perioden 1941-1970. Eternitrøyr skal vere utskifta. Leidningsfornyng var i 2019 på 0,4 %.

Emil Balstad vektlegg avslutningsvis at det er kommunen si oppgåve å bygge opp under vassverka, og oppmode om samarbeid mellom vassverk. Han gjev uttrykk for at vassforsyninga i Vestnes er bra.

Utvalet diskuterte kommunen sine plikter jf. Drikkevassforskrifta §26. Det som kjem fram i §26 3. ledd 2. punktum, kunne kanskje vore betre ivaretatt: *Kommunen skal ha oversikt over hvor innbyggerne i samsvar med § 23 andre ledd kan finne informasjon om drikkevannskvaliteten.*

Sidan Vestnes kommune berre har private vassverk og fleire av vassverka manglar heimesider, er det vanskeleg for innbyggjarane å finne oversikt over drikkevasskvaliteten. Kontrollutvalet vil difor oppmode om at informasjon om dette vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Utvalet gjekk gjennom oppfølgingslista. Det vart ikkje ført opp nye saker på oppfølgingslista

Votering

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Vestnes kontrollutval sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Nytt personvernregelverk

I 2018 fekk Norge ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er eit sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at ein behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å følgje med på korleis kommunen har innretta seg etter personvernopplysningsreglane, då brot på reglane kan få store konsekvensar for dei det gjeld og føre til store bøter for kommunane.

19.10.20: Brannsjef- og beredskapsansvarleg Frank Skorgenes orienterte supplert av personalrådgjevar Hilde Rekdal. Jf. Sak 30/20. Det vart svart på spørsmål frå utvalet. Sjølv om ikkje alt er på plass, vurderer utvalet at arbeidet ser ut til å vere godt ivaretatt. **Utvalet avsluttar oppfølging av saka.**

Vassforsyning og avløp i Vestnes kommune

På Vestnes kommune si heimeside så kjem det fram at Vestnes kommune har avtale med dei private andelsvassverka om å oppfylle kommunen sine lovpålagte krav om vassforsyning. Dei private vassverka er; Tresfjord vassverk SA, Vestnes vassverk, Tomrefjord vassverk, Fiksdal vassverk og Rekdal vassverk. Det er interessant for kontrollutvalet å halde seg orientert om korleis Vestnes kommune sikrar vassforsyninga i kommunen. Det kjem fram i kommunen si

årsmelding 2018 at Tekniske tenester har ansvar for drift og vedlikehold av avløpsnett og avløpsreinsing.

19.10.20: Einingsleiar teknisk, Emil Balstad, orienterte utvalet om vassforsyninga i Vestnes kommune. Jf. Sak 30/20. Kontrollutvalet oppmodar om at kommunen legg informasjon på heimesida om vasskvalitet, då dei private vassverka ikkje har egne heimesider. Utvalet vel på bakgrunn av orienteringa å avslutte oppfølging av saka.

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorlig svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.

19.10.20: Sekretær undersøker til neste møte om det er planlagt nok tilsyn på området.

[Lagre innstilling] [Lagre endelig vedtak]

Sekretariatet si tilråding:

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Eventuelt

Cosdoc, IT

Varamedlem Geir Stokkeland tok i møte opp at det vert sagt frå brukarhald at kommunen sitt IT-nettverk blir overbelasta til dømes mange skal skrive rapportar i helsesektoren på omlag same tidspunkt, som eit ekesempel. Korleis er det med IT-systema til kommunen no, og er det behov for oppdimensjonering/utbetringar? Kan hende er det alt planlagt? For om det er slik at brukarar må jobbe svært seint med t.d. rapportar tek det det vekk mykje tid som kunne gått til aktiv omsorg/pleie.

Kontrollutvalet si behandling

Utvalet drøfta om dette er ei sak utvalet ynskjer å følgje opp

Konklusjon

Utvalet ynskjer ikkje å følgje opp denne saka på det noverande tidspunkt. Utvalet vil oppmode om at brukarane melder til sin leiar, dersom det vert opplevd overbelastning av IT-nettverket.

Ny kafe, Stella Maris helsehus

Varamedlem Geir Stokkeland tok i møte opp det blir sagt at Maritz Kafe v/ Frode Gjelstenli er invitert til å flytte over og inn i det nye lokalet. Til trass for at storkjøkkenet også skal ha meddelt at dei kan ta oppgåva. Kan vi få opplyst om prosessen for dette, og ev. kvifor dette blir tildelt utan anbud?

Kontrollutvalet si behandling

Utvalet drøfta om dette er ei sak utvalet ynskjer å følgje opp

Konklusjon

Utvalet ynskjer til neste møte i kontrollutvalet, å få ei skriftleg tilbakemelding frå administrasjonssjefen om kva prosess som ligg til grunn for å velje drivar av kafeen i Stella Maris helsehus.

Geir Stokkeland

Paul Hjelvik

Protokollunderskriver

Protokollunderskriver